



Møtebok
IS Fjordvegen Rute 13
Styremøte 13.04.2016
Stad: Myrkdalen Hotell, Vossestrand
Klokka 17:00 – 18:30

Møtte: Marta Finden Halset, Bjørn Laugaland, Marthe Hammer, Anders Ryssdal, John Opdal, Edmund Utne.

Forfall: Sigbjørn Hauge, Arne Bergsvåg.

Sekretariatet: Jostein Eitrheim, Trude Rinaldo og Hanne Sundbø frå Hardangerrådet iks.

Observatør: Arnstein Menes, Sogn & Fjordane fylkeskommune

Det var ingen merknader til innkalling eller sakliste. Møtet er lovleg sett.

Saker til handsaming: Alle saker er samrøystes om ikkje anna er nemnt.

Sak 10/16 Meldingar

Vedtak:

Meldingane vart tekne til vitande.

Sak 11/16 Årsmøtet – Praktisk gjennomgang

Årsmøtesakene vart gjennomgått mht gjennomføring.

Styremedlemmer har fått tilbakemelding om at den føreslegne kontingentauke for fylkeskommunar frå 60.000 til 100.000 er dårleg motteke i fylkeskommunane.

Vedtak:

Styret si innstilling til ny kontingent frå 2017:

Kontingent for fylkeskommunar 70.000

Sak 12/16 Prosjekt Brattlandsdalen Status innkomne tilbod - Orientering

Dagleg leiari informerte om status for dette arbeidet.

Vedtak: Informasjonen vert teken til vitande.

Sak 13/16 Status Årskonferansen – Orientering

Hanne Sundbø orienterte om planlegginga og status for innleiarar m.m.

**Sak 14/16 Status og vidare framdrift: Analyse/Scenariostudie –
Reiselivet i Fjordvegregionen etter opninga av Ryfast (2019)**

Hanne Sundbø orienterte om vurderingar etter samtalar med ulike aktørar som er sentrale for dette prosjektet. Anders Ryssdal føreslo at prosjektet vert lagt fram frå fylkesordførarane ved høve.

Vedtak:

1. For innleiande prosjektfase blir det oppretta ei arbeidsgruppe som skissert over med følgjande deltakarar:

Alle deltakarar i gruppa må spørjast først !

Ståle Brandshaug, Visit Sognefjord
Hans Jørgen Andersen, Reismål Hardangerfjord
Arne Bergsvåg (evt Torkel Myklebust)
Noralf Distad (evt. Arnstein Menes)
Nils T Bjørke
Skr. Hanne Sundbø

2. Det blir førebudd ein oppstartskonferanse på hausten 2016 som vist.
Nytt styre avgjer dato for styretur og oppstartskonferanse.
Forslag 5. og 6. september.

Sak 15/16 NTP 2018 - 2029. Vidare arbeid med påverknad/uttalar. Drøfting

Styret drøfta korleis arbeidet med uttale til NTP frå IS Fjordvegen skal organiserast.
Forslag frå styreleiar om IS Fjordvegen ber om taletid på «politikardagen» i fylkeskommunane.
Konferanse Skei 29.04.
Politikardag 30.05.

Sak 16/16 Fast Post:

Gjennomgang av status for RV 13

Denne sak vert utsett til neste styremøte.

Jostein Eitrheim
sekretær